

NVE - Konesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dato: 10.11.2014
Vår ref.: 2014/19497-9
Saksbehandlar: jannor
Dykkar ref.: «REF»

Søknad om konsesjon for overføring av Vatn 1062 og Vatn 1112 på Pyttafloene til Mauranger kraftverk. Høyringsfråsegn.

Vi syner til brev dagsett 29.07.2014 der Hordaland fylkeskommune er beden om å gje fråsegn til Statnett AS sin søknad om overføring av Vatn 1062 og Vatn 1112 på Pyttafloene til Mauranger kraftverk. I e-post av 07.08.2014 har Hordaland fylkeskommune fått utsett høyringsfrist til 01.11.2014.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama i møte 30.10.2014 sak PS 239/2014 og gjorde vedtak om fråsegn som synt i saksprotokoll under.

Saksutgreiinga vert send i eiga e-post-sending.

Gudrun Mathisen
leiar

Jan Nordø
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Lars Øyvind Birkenes

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 2-6 vart vedteken mot 1 røyst (SV).

Vedtak

Vatn 1112:

1. Av omsyn til sårbart høg fjell og fjordlandskap av stor verdi og Pyttafloene som svært viktig regionalt friluftsområde rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Vatn 1112.

Vatn 1062:

2. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Vatn 1062.
3. Det må stillast krav om minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren.
4. Betongen i sperredammen må forblendast med stein frå området.
5. Sperredammen må utformast slik at turgjengarar kan passera over han om det er føremålstenleg for friluftslivet, og dammen må få ei form som er tilpassa omgjevnadene.
6. Tippmassane frå tunnel må plasserast slik at dei ikkje blir synlege frå turstien.